



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Lise Olsmo Oen - 57655910

Vår referanse:
2011/150664-008

Dykkar referanse:

Vår dato:
01.11.2013

Høring: Ferjerute Vangsnes - Hella - Dragsvik og Mannheller - Fodnes ved neste kontraktsperiode

Statens vegvesen Region vest skal lyse ut drifta av riksvegferjesambanda Vangsnes – Hella – Dragsvik og Mannheller – Fodnes. Dagens kontrakt utløpar 31.12.2015 med opsjon på forlenging i eit år. Det er ikkje endeleg avklart i kva grad opsjonen skal nyttast eller ikkje, så oppstart av neste kontrakts periode blir enten januar 2016 eller januar 2017.

Vangsnes – Hella - Dragsvik

Sambandet vil bli lyst ut med to rutetabellar. Ein rutetabell som er basert på dagens vinterrute med 2 ferje og ein sommarrute med 3 ferjer og ein rutetabell som består av ein 3-ferjeløsning heile året (Opsjonsrute).

Kva av dei to rutetabellane som blir vald avgjørast av Statens vegvesen i etterkant av tilbodsinnleveringa.

Statens vegvesen har hatt som mål å prøve å få best mogleg ferjeregularitet i dette sambandet ut frå at sambandet skal driftast av 2 eller 3 ferjer. Dette har medført at rutetabellane som no er på høyring har fleire avgangar og auka opningstid enn i dagens rutetabell. Det har og medført at mange av ferjeavgang i ruta er endra opp mot dagens rutetabell. På bakgrunn av stor endring av avgangstider og det er relativt mange buss korrespondansar i sambandet, er forslag til rutetabell drøfta med Sogn og Fjordane fylkeskommune i forkant av denne høringa. Dette for å prøve i størst mogleg grad å ta omsyn til dei busskorrespondansane som er per i dag og pendlar trafikk. Vi har og sett ferjerute opp mot ynskje om stiv frekvens i sambandet.

Ferjene både for 2 og 3 ferjeløysinga er lagt opp til å gå i ein pendel etter følgjande mønster: Vangsnes – Hella – Dragsvik – Hella – Vangsnes. Starttidspunktet er ulik for dei ulike ferjene. Mønsteret medfører at trafikk frå Vangsnes til Dragsvik eller visa versa må bli med ferja innom Hella slik det er om vinteren i dag.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Vedlagt følger Region vest sine forslag til rutetabellar for sambandet. I forslaga er det lagt inn auke opningstid og fleire avgangar enn i dagens rutetabell. Regionen har p.t. ikkje fått stadfesta om det er midlar til å gjennomføre dette.

Forslag vinterrute: Forslaget bygger på dagens vinterrute med 2 ferjeløysing. Det som skil ny vinterrute opp mot dagens vinterrute er fleire avgangar, auka opningstid og endring av avgangstidspunkt.

Forslag sommarrute: Forslaget bygger på dagens sommarrute med 3 ferjeløysing. Det som skil ny sommarrute opp mot dagens sommarrute er fleire avgangar, auke opningstid og endring av avgangstidspunkt. Alle avgangane mellom Vangsnes - Dragsvik eller visa versa går innom Hella. Ferjeruta har i stor grad stiv 30 minutt frekvens mellom kl. 8:30 – 20:00. Det er gjort eit unntak med ei ferje for å ta hensyn til buss og pendlartrafikk i perioden 15.30 – 17:00. Dei første rundturane om morgon og dei siste rundturane om kveld er lik forslag til vinterrute.

Dersom vinter-/sommarrute blir vald ynskjer vi at sommarrute skal gå i perioden 1. juni – 31. august, mot i dag ca. 2 månader når skule har fri.

Forslag om 3 ferje løysing heile året: Denne er lik sommarruta.

Mannheller – Fodnes

Forslaget til rutetabell er mykje lik dagens rutetabell. Det vil gå to ferjer i sambandet med 20 minutt intervall i perioden 8.00 – 20.20. Rutetabellen om morgon vil gå med ei ferje i 30 minutt intervall som i dag. Vi har lagt inn forslag om 30. minutt intervall i perioden 20.20 til 22.30 mot i dag 40 minutt intervall.

Vi ber om at kommentarar og eventuelle forslag til justeringar sendast til Statens vegvesen innan 23. desember.

Byggherreseksjonen
Med helsing



Anders Sæternes
fagkoordinator ferje

Lise Olsmo Oen

3 vedlegg

Leikanger kommune;Skrivervegen 7;6863 LEIKANGER;
Sogndal kommune;Postboks 153;6851 SOGNDAL;
Lærdal kommune;Postboks 83;6886 LÆRDAL;
Aurland kommune;5745 AURLAND;
Vik kommune;Postboks 134;6891 VIK I SOGN;
Balestrand kommune;Rådhuset;6899 BALESTRAND;
Sogn og Fjordane fylkeskommune;Askedalen 2;6863 LEIKANGER;